

# BOKN BYGDABLAD

NR 6 - JULI 1994 - ÅRG. 9

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## UTBYGGING AV OMSORGSBUSTADER OG SJUKESTOVA ER VEDTATT


Bokn kommunestyre vedtok i siste møte før ferien å byggja ut 6 omsorgsbustader (småleiligheter) i Føresvik, og den planlagde utvidinga av Bokn sjukestove.

Når det gjeld sjukestova, skal to-sengsrommet og ny fysioterapiavdeling vurderast i samband med budsjettet for 1995. Det betyr at i vestre delen av tilbygget vert ikkje alt ferdig innreia i første omgang, men skal vurderast ferdigstillast i 1995. Dei øvrige planlagde arbeida er vedtatt starta under forutsetnad av at kommunen får eit statleg tilskot for utbygging innan eldreomsorga, og at Fylkesmannen godkjenner låneopptak og finansieringsplan.

Ut frå anbudet til firma Håland & Thuestad er totale kostnader anslått til vel 5 mill. kroner. Då er også byggelånsrenter, uforutsette utgifter, innbu og prisstiging medrekna. Til fråtrekk kjem statstilskot på kr. 600.000.


I vedtaket får ordføraren fullmakt til å slutføra kontraksforhandlingane med det firmaet som blir vald.

Når det gjeld omsorgsbustadene har også ordføraren fått fullmakt til å inngå avtale med firma Utvik A/S. Forutsetninga for dette prosjektet er at kommunen får statstilkot på kr. 540.000. Låneopptaket for dette prosjektet vil bli på kr. 2.143.000 i Husbanken. Når det gjeld utbygginga av sjukestova vil ein låna tilsvarende beløp i Husbanken.



Slik vil påbygget gå vestover ut frå nordre del av Boknatun. Ny hovedinngang til sjukestova blir i nybygget mot sør slik teikninga viser.

## SMÅTT OG STORT OM NESTE SKULEÅR



Alle lærartilsettingar for neste skuleår er gjort. Irene Rossemyr og Anne Jorunn Sjurseth er nytilsette lærarvikarar og skal vere klassestyrarar for 2. og 4. klassane. Unni Øvrebø er likeeins nytilsett førskulelærer med ansvar for 6-åringane og skulefritidsordninga. Nokre lærarar som skal ut i permisjon neste år, og bare ein har sagt opp. Elevane gav Børge Børgesen ein skikkeleg applaus som avskil siste skuledagen.

Første skuledag for elevane etter sommarferien er måndag 15. august. Alle elevane, også 6-åringane, møter til vanleg tid kl. 0830.

Det er gjort ei mindre endring i skuledagen, slik at 4. time er ferdig kl 1215 mot tidlegare kl 1210. Klassane har kortdag (sluttar kl 1215) etter same mønster som tidlegare:

1. og 2. klasse har 4 timar kvar dag.
3. klasse har 6 timar torsdag, elles 4 timar.
4. klasse har 4 timar onsdag og fredag.
5. og 6. klasse har 4 timar onsdag.
- 7., 8. og 9. klasse går 4 timar annankvar torsdag.

Konfirmantførebuinga for 8.-klassingane er lagt til 5. og 6. time dei torsdagane klassen har 4 skuletimar.

Elles har skulestyret drøfta trafikktryggleiken på skulevegen, og gjort vedtak om at skuleelevane ikkje får sykle til og fra skulen utan at dei brukar sykkelhjelm. Skulestyret vedtok også at elevane må vere ferdige med 3. klasse før dei kan bruke sykkel til skulen. Skulestyret føreset også at det blir gitt opplæring i trafikktryggleik, og holdt ei prøve med elevane, før dei får bruke sykkel til skulen.

Skulen har kvart år ei prosjektveke der heile skulen tek for seg eit spesielt emne, gjerne knytta til Bokn og kystkulturen. Komande skuleår vil prosjektveka bli lagt rundt 8. mai med feiringa av frigjeringsjubileet som hovudsak.

Dei som har bruk for kontakt med skuleleiinga i sommar må vere merksam på at dei fleste kontora ved skulen stengt ut juli og kanskje nokre dagar i august på grunn av ombygging. Kommunen sitt sentralbord vil kunne opplyse om når og kor vi er å treffe.

Ein god sommar til alle.

Dag Halvorsen

## *PENSJONISTANE PÅ TUR*

Det kan vera fint å reisa på tur.

Onsdag den 14. juni i så passelegt sommarver steig 32 pensjonistar på "Haugaland buss" med Saudasjøen og Sauda som mål.

Sol og skyer, regn og musk skifta seg i mellom, og for dei i bussen passa det fint. Ingen klaga over varme og lite luft, og ingen let ille over trekken i håve.

Kaffi og vafler, pannekaker og kringle hadde me på lur til oppmuntring når treleggjer i tusenvis, kilometer etter kilometer var utsynet. Sjøen er snart til ingen ting, ikkje skal me sjå han, og minst muligst bruka han; og slett ikkje fryda oss over solglitteret i fjorden og kanskje kvite bølger.

Det var ein kjekke sjåfør me hadde fått. Han oppmuntra kvar og ein som var kjende å fortelja om landskap og folkeferd der me køyrde.

Vitsar er jo uhyre viktig på busstur. Han var flink med dei.

Kjell Kro fortalde om sine turar som takstmann over fjell og dal. Så song me litt og snart var me i Sandeid, halvveges. Endeleg var det råd å få seg ein kopp kaffi i bussen. Det var ikkje anna råd, men den var god nok. Nokre var nå ute og strekte føtene, kaffikoppen i handa, fint å sjå ut fjorden i Sandeid.

Me skulle til Saudasjøen - kl. 13 var det middag. Det gjekk strykande, minst 4 tunnellar, og før me var visste ordet av detsåg me "Staden" og

Målfrid var mest på heimebane. Sola skein, Haldis og Torvald, bror til Leonora var og på plass saman med Elvira Ekholt og sjefen på garden. Her var godt å koma på mange vis. Turen var lang den for gamle folk. Velkomne, stig på, denne veien, slå dykke ned i god stol.

Elvira Ekholt, ho som skulle visa oss Sauda og fortelja om liv og lagnad der inne førde ordet. Ho kunne leksa i håve. Prost Øystese kom innom og bar fram ei helsing, og sa det var gildt å sjå øybuar inne i Sauda.

Fint dekkja bord, god middag venta oss i matsalen, kaffi ved småbord i salongen - reine fintfolk - trur alle lika seg. Tida gjekk fort og me gjekk i bussen. Utover bar det til Mollagardane. Tilbake i Sauda var me innom Verksmuseet som er ei arbeidarleilighet frå 1920 og ei frå seinare tid.

Siste stoppestad var utstillinga "Frå vogga til grav" - Samuel Tveit sine samlingar i Saudahallen. Litt av ei samling av treskurd med liv i. Ho Elvira klappa i hendene, "takk for hyggeligt samvær, nu skiller vi lag her og nu, gildt å være sammen med dere."

Så var det å ta fatt på heimveien om Ølen. 2 timar og litt til, så var me tilbake der me starta.

Takk for turen var det siste me høyrde.

Helsing Elise.

## MINNEORD

Monrad Alvestad er død, nær 90 år gamal.

Han var ein av dei 8 sønene til Thea og Ole Mandius Alvestad i Bakkjen på Alvestad.

Monrad vart i 1932 gift med Gudrun som var frå Ognøy. Dei busette seg i Alvestadkroken og fekk 5 barn.

Monrad Alvestad dreiv hovudsakeleg med fiske. Saman med broren Magnus og ein annan slektning eigde han skøyta "Sunda" som var eit kjent innslag i fiskebåtmiljøet i Alvestadkroken.

Monrad var særleg interessert i samfunnsspørsmål, og han var svært godt orientert langt opp i høg alder.

Tidlegare var han med i ulike kommunale styre og utval, m.a. i bankstyret. Han var også ordførar i ein periode. Han var ein omgjengeleg mann, og var godt likt i bygda.

Etter Monrad lever ektefelle, 4 barn, 5 svigerbarn, barnebarn og oldebarn. Dessutan ein bror og svigerinne.

Aslaug Alvestad, f. Trosnavåg er død, 83 år gamal. Ho var nest eldst av 5 søsken.

Ho vart gift i 1932 med Alfred Alvestad, og dei busette seg i Alvestadkroken der dei begge kom frå. Dei fekk 9 barn.

Opp gjennom åra var Aslaug fullt opptatt av omsorgsarbeidet i heimen. Ektefellen var i periodar mykje borte på fiske, så ho var ofte aleine om ansvaret heime. Utanom dette var ho aktiv i misjonsforening, kyrkjeforening og avhaldsrørsla. Ho hadde ein stillfarande og roleg natur, men var interessert i det som rørde seg i tida.

Ho var ei dyktig og gild mor. Etter at ektefellen døyddde i 1960, hadde ho pleie- og omsorgsansvaret for si eiga mor fram til 1974.

Etter Aslaug lever 8 barn, 9 svigerbarn, barnebarn og oldebarn. Dessutan ein bror, svoger og fire svigerinner.

Ingunn V.



# OKSEBÅSEN RAMME OM BARNEFILM

Dagfinn Jørgensen som eig Oksebåsen, seier i ein samtale med Bygdabladet at bygningane og miljøet omkring i Oksebåsen til vinteren skal brukast som eksteriør i ein barnefilm om Lindeholmsmannen. Filmen som er ein novellefilm skal seinare visast i NRK, og Jon Eikemo skal spela hovudrolla som Lindeholmsmannen. Det er selskapet Variabel Fiksjon som lagar filmen som baserer seg på ei historie av Kjetil Hervik.

M.a. går historia på at Lindeholmsmannen får mykje meir hummar enn andre folk, og mange synes det er noko mystisk med han.

Husa i Oksebåsen skal målast i tidstilpassa fargar for å høva til historia som er tidfesta mange år tilbake i tida. Det blir mest eksteriørmessige opptak frå Oksebåsen. Interiøret skal filmast i Cleng Person-huset i Tysvær.

---

## **KOMMUNEFORBUNDET HAR FLEST MEDLEMMER**

Bokn kommunale fagforening vart eiga lokalavdeling i Bokn frå 1. april 1994. Foreninga er nå eiga avdeling under Norsk kommuneforbund, og er med sine nærare 30 medlemmer den største fagforeninga i Bokn kommune.

Ved det ekstraordinære årsmøtet som vart halde i Boknatun den 26. april i år, vart Lindy Haram vald til leiar. Nestleiar vart Arne Ognøy. I styret elles set Rita Nesvik, Berit Are, Inger Sønnøve Bokneberg, Hege Jøsang og Jonne Holm.

Tidlegare har dei som har vore tilslutta kommuneforbundet i Bokn stått under Karmøyavdelinga.

Utanom val og budsjett var det helsing frå ordføraren i Bokn. Vidare vart det overrekt gåver til den nystarta lokalavdelinga i Bokn både frå Karmøy komm.forening, frå distriktsstyret i Rogaland og frå Norsk kommuneforbund si Organisasjonsavdeling. Også dei to representantane frå Karmøy fekk gåver frå Bokn-avdelinga for den tida dei hadde hatt i lag med Karmøy.

## **MILJØVERNLEIAR UT 1996**

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 30. juni å forlenga engasjementstillinga som miljøvernleiar slik at ho held fram i

1995 og 1996. Forutsetninga for vedtaket er at staten løyver øyremerka midlar til tiltaket. Stillinga er 50%.

# Biblioteket

yrskjer små og store  
god sommar!

Ferie frå 11.07 - 08.08

## LESETIPS

### BARN OG UNGDOM

Bremnes, Geir A:  
Den usynlige prinsen

Hølleland, Øistein:  
Lines rom

Færden, Else:  
Garnnøstet som forsvant

Nittenberg, Bjørn:  
Reisa te nordlyset


### VAKSNE

Seth, Vikram:  
En passende ung mann

Smith, Martin Cruz:  
Den røde plass

Weldon, Fay:  
Trøbbel

Georg, Elizabeth:  
Mørkets gjerninger



# **KULTURMIDLAR 1994**

Det er i år tildelt kr. 80.000,- til lag og foreningar. Kulturleiaren sit framlegg til fordeling er vedtatt av kulturstyret og ser slik ut:

	<u>FRAMLEGG 1994</u>	<u>% AV MIDLAR</u>	<u>PR. MEDLEM</u>
<b><u>MUSIKKORG.</u></b>			
Bokn skulekorps	24.000	30,00	615,38
<b><u>IDRETTSORG.</u></b>			
Bokn idrettslag	19.000	23,75	98,95
<b><u>BARNE- OG UNGD.ORG.</u></b>			
Kyrkjebygd søndagssk.	1.200	1,50	100,00
Austre Bokn søndagssk.	1.000	1,25	90,90
Hognaland søndagsskule	1.000	1,25	166,66
Hognaland barnefor.	1.200	1,50	85,71
Bokn kr. ungdomsklubb	2.000	2,50	133,33
Bokn KFUM/KFUK	10.000	12,50	175,43
Bokn diskotek	5.000	6,25	142,85
Fritidsklubben "Petra"	5.000	6,25	166,66
<b><u>ANDRE</u></b>			
Røde Kors Hjelpekorps	2.700	3,37	108,00
Bokn bedehus	500	0,63	
Kyrkjetonar	500	0,63	
Bokn Pensjonistfor.	2.000	2,50	34,48
Bokn hagelag	1.000	1,25	22,22
Bokn vevstove	500	0,63	33,33
LHL	500	0,63	29,41
Bokn swingklubb	2.400	3,00	41,37
Bokn mållag	500	0,63	45,45
<b>SUM</b>	<b>80.000</b>	<b>100,00%</b>	



# BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

Tlf.: 52 74 85 00

## KULTURKALENDEREN

Første utgåve av kulturkalenderen i Bokn kjem ut i desse dagar. Kalenderen tar for seg tida frå 1.7.94 til 31.12.94, og vil koma til alle husstandane i kommunen. Viss nokon av ein eller annan grunn ikkje mottar kalenderen, kan dei henvenda seg til kulturkontoret.

Kulturkalenderen skal gi informasjon til innbyggjarane om arrangement, kurs, bibliotek-opningstider, friluftsliv, samt ein oversikt over lag og organisasjonar i kommunen.

Første utgåve er alltid litt eksperimentell, og kan sjølvstundt gjerast betre. Dei ulike foreningar og lag samt enkeltpersonar er velkomne til å koma med merknader og tips til å få neste utgåve betre. Det er også ynskjeleg at fleire lag og organisasjonar engasjerer seg for å gi kalenderen eit så breitt og informativt innhald som mogleg. Ein ser også betre korleis det bør gjerast og kva som må vera med når ein har første utgåve i handa.


Av forskjellige grunnar har arbeidet med kalenderen gått seint på slutten. Det blei knapp med tid, og fleire ting skulle vore med - m.a. layouten skal rettast på i 1995.

Eg vil be folk merka seg vekeplanen for Bokn skule etter skuletid. Vekeplanen er utarbeida i samarbeid med dei faste leigetakarane på skulen, og er utgangspunktet for at det ikkje skal bli arrangements-kollisjonar.

Oversikta over lag og organisasjonar med dei forskjellige kontaktpersonane er laga ut ifrå gamle lister i kommunen samt tlf.-samtalar. Ein ber om at de gir beskjed til kulturkontoret dersom noko her er galt eller viss noko manglar.

Når det gjeld arrangement rundt om i bygda komande halvår, må ein ta forbehold om endringar av datoar. Sjølv om arrangementet står nemnt i kalenderen, blir det kunngjort på vanleg måte når datoen nærmar seg.

Eg håpar KULTURKALENDEREN vil bli godt mottatt i bygda. Han er eit godt hjelpemiddel for oss i administrasjonen når aviser o.l. skal ha greie på kva som skjer og skal skje i Bokn, og det er å håpa at han blir det også her i kommunen.

  
Jardar Havikbotn

- kulturleiar -




# Frå kulturkalenderen:

## JULI:

- 01.: "MORO UTAN RUS", "Plattingen"  
Aldersgr.: 81' modell  
Arr.: Bokn diskotek
- 02.: DISKOTEK, "Plattingen"  
Aldersgr.: 79' modell  
Arr.: Bokn diskotek
- 09.: "SOMMARMARKNAD PÅ KAIEN I KROJEN"  
Kl. 10.00 - 14.00
- 09.: BASAR, Sjomannsmisj., Hognaland bedehus
- 15.: "MORO UTAN RUS", Plattingen  
Aldersgr.: 81' modell  
Arr.: Bokn diskotek
- 16.: DANS, "Plattingen" m/ "VAPS"  
Aldersgr.: 79' modell  
Arr.: Bokn diskotek
- 23.: BASAR, N.M.S., Bokn bedehus
- 29.: "MORO UTAN RUS", Plattingen  
Aldersgr.: 81' modell  
Arr.: Bokn diskotek
- 30.: UTEDANS, Are (Værforbehold)  
Arr.: Bokn idrettslag/Bokn swingklubb/Bokn Røde kors

( Alle arr. på "Plattingen" blir inne på Bokn diskotek dersom stygt vær )



eldhuset står stille  
slyngplantene verner om  
forfedrenes arbeidsrom  
slektsgenerasjoner  
eldhusfolketoner  
skal vi rydde gammelt bort  
skape vår tids orden  
med vår lyn og torden ?

## AUGUST:

- Bokn sanitetsforening skal ha eldretur til Skånevik midt i mnd.*
- 07.: "BLÅ KORS", Bokn bedehus
- 13.: "CRAZY DUCK" - Norges største mobil-diskotek, Plattingen  
Aldersgr.: 79' modell  
Arr.: Bokn diskotek
- 15.: SKULESTART, Bokn skule
- 16.: OPPSTART BOKN KFUM/BOKN KFUK  
(Speidarane har samlingar kvar tysdag kl. 18.00-21.00)
- 17.: OPPSTART "PETRA FRITIDSKLUBB", Bokn diskotek ("Petra fritidsklubb" har klubbkveldar kvar onsdag kl. 18.30-21.30)
- 18.: OPPSTART "TORSDAGSTREFFET" på Allrommet, Boknatun  
Arr.: Bokn sanitetsforening  
(Bokn sanitetsforening arr. "Torsdagstreffet" kvar torsdag kl. 10.00-12.30 - sjå ellers omtale bak i kalenderen.)
- 19.: "MORO UTAN RUS", Bokn diskotek  
Aldersgr.: 81' modell  
Arr.: Bokn diskotek  
( "MORO UTAN RUS" kvar fredag kl. 20.00-23.30  
Bokn diskotek er arrangør anna kvar veke)
- 19.: OPPSTART BOKN KRISTELEGE UNGDOMSKLUBB, Bokn bedehus  
(BOKN KRISTELEGE UNGDOMSKLUBB har samlingar anna kvar fredag)
- 20.: DISKOTEK, Bokn diskotek  
Aldersgr.: 79' modell  
Arr.: Bokn diskotek  
(Diskotek anna kvar laurdag)
- 21.: FRELSESARMÉEN, Bokn bedehus
- MÅNADSKIFTE: TURAR MED GUIDE*  
Arr.: Bokn kommune  
Sjå omtale under FRILUFTSLIV

# BOKN BYGDEMUSEUM

Visste du at Bokn i høve til folketalet har ROGALANDS BEST UTBYGDE BYGDEMUSEUM? I ungdomshuset frå 1908, ei perle i seg sjølv, ligg musèet flott til ved foten av Boknafjellet og berre nokre steinkast nord for klyngetunet på Håland eit par kilometrar frå riksveg 1.

Her er dei over 3000 gjenstandane ordna slik at du får eit breitt bilete av det gamle Bokn. Her kan du gå gjennom kjøkken, bestestove og soverom - alt som det var fyrst i vårt hundreår. Dessutan finst her skomakar verkstad, skulestove, fiske- og jordbruksavdeling slik dei var for generasjonar sidan.

Ta deg ein tur til fortida, besøk BOKN BYGDEMUSEUM.

Opningstid: kvar søndag kl. 1500-1800 i månadane juni, juli og august.

Velkommen innom!



**UTSTILLING PÅ BOKNATUN**  
(ved allrommet/biblioteket)

**NATUR OG KULTUR PÅ BOKN**

- LIVET I FJÆRA, KYSTOVERVÅKING
- FUGLELIV
- STEINSAMLING
- PLANTESAMLING
- INSEKTSAMLING
- KULTURMINNER/FORNMINNER
- NATURFOTO AV DAG BRYNJELSEN
- AKVARIUM

**Utstillinga er laga av Bokn skule/Bokn kommune**  
**Åpent måndag - fredag 8.00 - 15.30**  
**sundag 14.00 - 17.00**

*Miljøplanen:*

**HAR DU SVART PÅ SPØRJESKJEMA?**

Er boknarane så lite interessert i kommunen sin som svarprosenten på spørjeskjemaet tilknyta miljø- og naturressursprogrammet nå ligg an til å bli? I tilfelle lovar det ikkje godt for framtida til kommunen.

Kommunen inviterer her til at alle husstandane kan gi sine synspunkt. Vi ynskjer tilbakemeldingar og at innbyggjarane sjølv skal få gi bidrag

og dermed vera med og ta ansvar for utviklinga.

Vi prøver ei utsetjing av svarfristen til 1. august.

Nye spørjeskjema kan ein finna ved biblioteket i utstillinga som nå er på Boknatun eller spørja på rådmannskontoret. Hugs også at det vert trekt fine premiar blant besvarte skjema.

**NYE TELEFONNUMMER FOR ØYEBLIKKELEG HJELP  
FRÅ 1. JULI 1994**

LEGEVAKT SJUKEHUS: TLF. NR. 113 (Vert brukt ved livstruande tilstand)  
POLITI: TLF. NR. 112  
BRANN: TLF. NR. 110

**BOKN LEGEVAKTSENTRAL: TLF. NR. 52 74 85 22**

Dette nr. skal alltid brukast når ein vil ha kontakt med sjukepleiar/legevakt ved Bogn sjukestove.

Når de nyttar dette nummeret kan me setja samtalen i direkte kontakt med lege eller sjukehus dersom det er nødvendig.

Dette vil auka tryggleiken for dykk og kvaliteten på den hjelpa me kan gi.



Helsetenesta og teknisk etat i Bogn kommune

**SLEKTERS GANG**

**Fødde:**

13.01.94: Tormod Våga og Mona  
Øvrebø: Amalie  
23.04.94: Arvid og Iren Jøsang:  
Jente  
05.05.94: Harry og Anita Bokneberg:  
Jente  
19.06.94: Steeven og Tone B.  
Høyland: Gutt

**Døde:**

22.01.94: Olga Henriette Våge  
25.01.94: Selma Larsen  
15.02.94: Hjalmar Audun Grønnestad  
16.02.94: Hilmar Antoni Svendsen  
21.02.94: Berge Magnus Lygre  
20.03.94: Målfrid Anna Øvrebø  
11.04.94: Ragna Trosnavåg  
11.04.94: Lars Hagbart Bokneberg  
25.04.94: Aslaug Våge  
02.05.94: Larsine Sæbø  
11.06.94: Monrad Alvestad  
21.06.94: Aslaug Pauline Alvestad




## KUNNGJERING


Som ledd i arbeidet med revidering av hytteplanen rundt sjøområdet mellom Loden og Are har bygningsrådet lagt ned førebels byggje- og delingsforbod for hytter/hyttetomter. Jfr. Plan- og bygningslova sine §33 siste ledd.

Planområdet er avgrensa med stipla strek som vist på kart. Holmar og skjer inngår i tillegg.

Planarbeidet vert starta i løpet av hausten 1994.

Spørsmål kan rettast til teknisk etat.






SOMMERMARKED I ALVESTADKROKEN  
LØRDAG 9 JULI KL 10:- 15:-

DIV. DEMONSTRASJONER AV VARER - DAGENS KAFFE m/ HIMABAKST  
SALG AV HAVETS DELIKATESSEER - MUSIKK OG KONKURRANSEER  
GRILLING - BAKING PÅ GAMMEL MÅTE

VELKOMMEN TIL EN HYGGELEG DAG MED GOD HANDEL  
I ET MARITIMT MILJØ

HILSEN STEINAR OG INHØBJØRGEN  
m/ GOD HJELP



## **KUNNGJERING**



**Bokn kommune**

### **FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR ØYRENOMRÅDET PÅ AUSTRE BOKN**

Etter PBL paragraf 27 har bygningsrådet vedtatt å leggja ut til offentleg ettersyn forslag til reguleringsplan for Øyrenområdet.

I planen er det avsett areal til bustadføremål, camping, naust og nausthytter. Planen ligg til gjennomsyn ved teknisk etat på Boknatun. Merknader må sendast bygningsrådet innan den 09.09.94.

**Teknisk etat.**

### **MIDLAR TIL LAG/ORGANISASJONAR**

Bokn Handelslag skal dela ut midlar til lag og organisasjonar. Søknad skal sendast til Bokn Handelslag innan 1. august.

### **DISKOTEKET FÅR MIDLAR TIL FORNYING**

Bokn formannskap har løyvd kr. 18.500 til Bokn Diskotek. Midlane skal m.a. nyttast til golvbelegg, nye møbler og anna oppussing i diskoteket.

Diskoteket hadde tidlegare søkt Rusmiddeldirektoratet om midlar, men fekk avslag.

Næringskonsulenten hadde ovafor formannskapet tilrådd at søknaden blei støtta, m.a. på bakgrunn av at tiltaket ville gå direkte til eit område der ungdomen sjølv ville ta del i arbeidet med oppussing. I den strategiske næringsplanen for Bokn har ein lagt stor vekt på gode nær- og oppvekstmiljø.

## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373.07.00305

### **BYGDABLADNEMND:**

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### **REDAKTØR:**

Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 300,-

Halv side: kr. 150,-

1/4 side: kr. 75,-

1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonsar: kr. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

**LENSMANN**  
Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10 - 12 i Boknatun

**LANDBRUKSKONTORET**  
Kvar fredag kontordag i Boknatun

**FOTPLEIE**  
Onsdag den 10. august  
Påmelding i tlf. 52 74 85 00

Takk for blomar og deltaking ved  
Aslaug Alvestads bortgang. Takk  
også til Bokn sjukestove for  
omsorgsfull og god pleie.  
Familien.

Takk til alle som hugsar meg på 80  
års dagen.  
Helsing Jenny

**HELSESTASJONEN**  
er stengd i veke 27, 30 og 31.  
God sommar - helsing Eva

**HOBBYBRAKKA**  
har stengt i juli



03.07: Kl.11.Gudsteneste v/Aurdal.  
Offer til Kristelig  
Kringkastingslag.  
24.07: kl.11.Gudsteneste v/Ole  
Dagfinn Østhus. Offer til  
Norsk Misjon i Øst.  
14.08: kl.19.Gudsteneste v/Aurdal.  
Offer til Dr. Mauds Minne.  
22.08: kl.11.Gudsteneste v/Aurdal.  
11.09: kl.11.Gudsteneste v/Aurdal.  
25.09: kl.11.Gudsteneste v/Aurdal.

Hjertelig takk for all  
medfølelse og blomster-  
hilsener ved min mors  
bortgang.

Jardar